

Sjukeheimslege

Legen er på huset fire dagar pr. veke, og legevisitt er vanlegvis måndag, tysdag og torsdag.

Ved utredningsopphald har vi eit oppsummeringsmøte med pasient og pårørande der lege er med. Vi kontakter hovudpårørande for avtale dersom dette er aktuelt.

Ved ynskje om ei samtale med ansvarleg lege, kan det meldast frå om behov til avdelinga.

Spesialisthelseteneste, tannlege m.m.

Ved legetime hjå spesialist, time hjå tannlege eller andre avtaler/innkallingar, må ein sjølv ordne med følge.



Fysio- og ergoterapeut

Er tilknytt det tverrfaglege arbeidet i avdelinga. Dei vil delta i tilpassing av hjelpemiddlar, kartlegging, behandling og trening når dette vert vurdert som nødvendig.

Det er fast gruppetrening med fysioterapeut tysdag og torsdag. Onsdag er det sosial aktivitet med ergoterapeut.

Fotpleiar og frisør

Me har tilbod om dette på huset. Personalalet kan vera behjelpeleg med å bestille time og følgje pasienten. Behandlinga kan betalast kontant eller med vipps.



Aktivitetar

Felles arrangement som song, dans eller andakt vert annonsert på tavle i avdelinga.

Måltid

09.00 Frukost
12.00 Lunsj
15.30 Middag
17.30 Kaffi
19.00 Kveldsmat

Maten vert som hovudregel servert på spisestova.



Pakkliste

- Ved avlastningsopphald: Ta med medisinane dine (dosepakning/dispenser)
- Kosttilskot som ikkje er legemiddel
- Hjelpemiddlar du brukar heime
- Toalettsaker
- Gode innesko
- Tilstrekkeleg mange og hensiktsmessige klede
- Mobiltelefon/nettbrett/ PC m/ladar
- Me anbefaler deg å ikkje ta med verdisaker til opphaldet

Om klede skal vaskast i avdelinga, må dei merkast. Namnelappar kan bestillast på navnelapper.no



Kontakt

Me ynskjer å ha regelmessig og god kontakt med pårørende under opphaldet.

Besøk

Om du ynskjer å koma på besøk, ser me helst at det skjer frå kl. 13.30 og ikkje seinare enn kl. 19.30. Der pårørende kjem langvegs frå, eller om pasienten sin tilstand er særleg alvorleg, kan me gjere individuelle tilpassingar.

Telefon

Ynskjer du å kontakte avdelinga pr. telefon, ring mellom kl. 09.30-11.00, og 13.15- 14.45.



320 85 210



Helsetunvegen 17
3570 Ål




www.aal.kommune.no

Betaling

Avlastningsopphold er gratis. Korttidsopphold vert prisregulert årleg. Faktura ettersendes.

Transport

Ved utreise til eigen heim, må du sjølv dekke eigenandel for taxi. Ha kontantar eller bankkort tilgjengeleg til heimreise. Sjå pasientreiser.no for informasjon om støtte.



ÅL KOMMUNE

Velkommen til Gjestetunet!

-ei aktiv korttidsavdeling



Me tek imot pasientar for rehabilitering, medisinsk behandling, kartlegging av funksjonsnivå og hjelpebehov. Me har òg tilbod om avlastning.

Me har fokus på å oppretthalde eller betre pasientens funksjonsnivå i daglelivet.